

alt dette nettopp fordi ho er Charlotte Rampling.»
Brit Aksnes om *Hannah*



Mark Bridges fekk Oscar for beste kostymedesign i år. Foto: Jordan Strauss / AP / NTB scanpix

FILMFJES

Grunna knutar på tråden melder ikkje Dag og Tid premiereklare *Phantom Thread* av Paul Thomas Anderson denne veka. Vi gler oss til filmen om ein designar i London som på femtitalet er ein trollmann med tråden. Det er Mark Bridges òg. Ikkje overraskande vann han Oscar for beste kostymedesign for filmen, som med *The Artist* i 2012. Han var med rette nominert også i 2015 for *Inherent Vice*. Bonus i år kom i form av ei jetski frå Jimmy Kimmel som takk for kortaste takketalet.

H.T.

SJÅ PÅ NETT NO

(primevideo.com) I protest mot at Netflix truar med å halda filmar tilbake frå Cannes, tiltrår eg å sjå film på sidene til konkurrenten denne veka. Amazon Studios verkar forstå kva film er, og satsar på kinodistribusjon i tillegg til strøyming. Prime Video har ikkje stort utval i Noreg enno, men du kan sjå klassikaren *Once Upon a Time in America* av Sergio Leone. Gangsterfilmen med Robert de Niro og gjengen fekk ståande applaus i femten minutt på premieren i Cannes i 1984.

H.T.

TRE PÅ TOPP

Over 124 filmar har Charlotte Rampling spelt i, fortel IMDb meg. Ho har ikkje nødvendigvis hatt hovudrolla i dei eg nemner her, men skitt, det er gode filmar, då.



A Hard Day's Night (1964). Beatles og «Girl at disco» (Uncredited). Berre elsker du ikkje slike morofakta?

Aberdeen (2000). Utvilsamt den Hans Petter Moland-filmen eg likar best. Eg likar han til og med skikkeleg godt.

Stardust Memories (1980). Hadde Woody Allen berre klart å sjå kvaliteten i kvinnelege skodespelarar etter at dei bikka tretti.

B.A.

TEATER

Ein villare, galnare Ibsen

Teater Ibsens Ibsen fortel berre glimtvis handlinga, men leverer kraftig.

TEATER IBSEN

ETTER HENRIK IBSEN:

Lille Eyolf

REGI: SILVIA RIEGER

SCENOGRAFI: LAURENT PELLISIER

Det er mykje å seie om forholdet institusjonsteatera har til Ibsen. Dei har lenge streva med å tilpasse den klassiske dramaturgien hans til eit notidig uttrykk. Det har blitt mange bastardproduksjonar, ikkje alltid like spanande. Når ein stundom ser ibsentolkingar som tar spranget heilt ut i det nonfigurative, er det gjerne først der ein ser fornyinga, og ei samstundes rein line til opphavet. Dette hender likevel helst på dei alternative teaterarenaene.

Det er difor å rekne som vågalt når eit institusjonsteater, endåtil Teater Ibsen i Skien, hyrer inn teatermakarar frå den sær alternative Volksbühne i Berlin til å setje opp *Lille Eyolf*, alt på førehand eit av dei mest mystiske stykka til meisteren. Det er sjølvsgatt då ikkje noka realistisk eller narrativt lettfatteleg framvisning vi får. Men dei av oss som kan vår Ibsen nokolunde, kjenner i alle høve att persongalleriet og hovudkonfliktane ganske langt på veg. Som i eit marerittaktig vregjebilette av familie- og ekteskapshevetet, som jo dei fleste klassiske



Surrealistisk Ibsen i Skien, f.v. Mathilde Alfrida Jakobsen Skarpsno, Mari Dahl Sæther, Stian Isaksen og Patrik Asplund Stenseth. Foto: Dag Jønsen

skodespel handlar om, ser vi personane krype, hoppe og vri seg i ein slags vulgære fantasy-kostyme, og vi høyrer dei rope, skrike og messe både Eyolf-replikkar og andre tekstbitar frå her og der. Den konfronterande menneskelege appellen til Ibsen kan sjølvsgatt ikkje overleve i dette, men framsyninga hogg merkeleg tak i oss likevel.

Den mørke historia om ekteparet som ikkje kan sjå seg sjølv og livet sitt med klare auge før dei misser sonen sin, har så mange lag og gåter i seg at ein godt ser freistinga til ei surrealistisk og assosiativt fabulerande tolking. Og skodespelarane er mest skræmmande

gode i den kontrollerte galskapen. Ikkje minst i dei flyktande, sjølvfornektande tekstpartia er det ei fascinerande tragikomisk høgd over dei. Berre den siste, mest kakofoniske delen av stykket vert for lang og einsformig, diverre.

Scenografien er i hovudsak to naivistisk måla sceneteppes. Dei stadfester på sitt vis kontrastinntrykket av tidlaus menneskeskildring og euforisk fantasi.

Meldinga er skriven på grunnlag av generalprøven.

BENT KVALVIK

Bent Kvalvik er filmarkivar og fast teatermeldar i Dag og Tid.

Kva krig gjer med ein

Skadeskutt er eit ikkje heilt vellukka stykke om eit vanskeleg tema.

TEATRET VÅRT

ØYSTEIN JOHANSEN:

Skadeskutt

REGI ØYSTEIN JOHANSEN

LYSDESIGN: FINN LANDSPERG

I førre veke vart dei som har representert Noreg i internasjonale militære operasjonar dei siste førti åra, heidra. Slik får ein fram den positive sida av denne innsatsen. Men det finst også ei negativ side, som har vore tema for fleire teaterproduksjonar, seinast *Skadeskutt* på Teatret Vårt i Molde. Posttraumatisk stress etter operasjonar i Afghanistan går gjerne att, men denne framvisninga seier ikkje noko om tid og stad, og gjer slik problemet meir allment.

Skadeskutt skil seg òg ut ved å kombinere verbalt og fysisk

teater, grensande til dans, for å få fram noko av det som ikkje så lett lèt seg uttrykkje med ord. Men sjølv om dei to fysiske sterke skodespelarane, Lars Melsæter Rydjord og Hugo Mikal Skår, bokstaveleg tala går på veggane og elles er i stadig rørsle, fortel ikkje alt dette fysiske så mykje ut over å illustrere kampsituasjonar. Det som skal vere eit koreografisk «tillegg», synest ikkje få fram så



Skodespelarane Lars Melsæter Rydjord og Hugo Mikal Skår er stadig i rørsle. Foto: Magnus Roaldset Furset, Thing

mykje av det tittelen fortel at stykket handlar om.

Mykje av dei femti minutta går med til å skildre krig og haldningar til krig, interessant nok i seg sjølv, mindre til å syne kva det inneber å vere mentalt skadeskoten. Det beste i framvisninga er augneblikka der dei to på den nakne scena viser korleis eit menneske med ei – kanskje – idealistisk haldning til å utgjere ein skilnad litt etter litt kan endre seg, ikkje berre til ein som vil berge livet sitt, koste kva det koste vil, men også til ein som ser fienden som noko som må og skal drepast, same kva. Men då er ein vel eigentleg skadeskoten nok?

JAN H. LANDRO

Jan H. Landro er journalist, forfattar og fast skribent i Dag og Tid.

å

d av ein vissen bukett. Foto: Tour de Force

minuttar? Og så den klassiske vri-seg-i-søvne-sekvensen – resultatet er vri-seg-i-kinosetet. Eg kan heller ikkje anna enn å undra meg over ei scene der ho nærast fell saman i krampegråt så intens at ein skulle tru det var opptaksprøve til teaterhøgskulen, og så fell ho ikkje ei einaste tåre. Til slutt lurar eg mest på om ho slepp unna med alt dette nettopp fordi ho er Charlotte Rampling, og då trengst det vel ikkje noko meir?

ALDER I LIVET

Det kan vera vel og bra at sjåaren må koma fram til dei underliggande problemstillingane utan å få alt inn med teskei, men i *Hannah* er det meir som å eta vatn med gaffel. Såleis fungerer filmen meir som samtaletema etterpå enn som underhaldning. Eg tek meg i å samanlikna med filmen til Michael Haneke, *Amour* (2012), sikkert mest fordi det handlar om gamle folk i dunkle leilegheit, men også fordi *Amour* får fram alderdom på ein måte som vekker empati, uro og engasjement – alt som *Hannah* kanskje strevar etter, men ikkje får til. Så kan ein sjølvsgatt diskutera at det ikkje er alderen som skal ha noko seia for problemstillinga, men slik tolkar eg det.

For det aller meste berre kjedar eg meg, med ein snev av irritasjon over at så mykje spennande kunne vore utbrodert om det ikkje hadde vore for denne minimalistiske tilnærminga som for min del betyr at eg får minimalt utbyte der og då.

BRIT AKSNES

Brit Aksnes er frilans kulturarbeidar og fast filmmeldar i Dag og Tid.